

**Fra:** Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@sjofartsmuseum.no)  
**Sendt:** 18.01.2016 10:59:28  
**Til:** Silje Øvrebø Foyen  
**Kopi:**

**Emne:** RE: 2014/15246-12 Forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - høyring og utlegging til offentlig ettersyn

**Vedlegg:** image001.png

**Vedr. 2014/15246-12 Forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - høyring og utlegging til offentlig ettersyn,**

Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune motteke 08.01. 2016. Me viser også til tidligare fråsegn i saka 06.05. 2014 og 12.01. 2015.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rårkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi ser at det er planlagd utfylling ved Ådlandsvatnet. Me melder allereie no at det må påreknas marinarkeologiske registreringar ved planlagd utfylling. Frå fråsegn 12.01. 2015: *«Me kjenner til at det har vore ein del aktivitet omkring Ådlandsvatnet i eldre tid. Det har blant anna vore tømmerfløting ned elva og ei sag på 1700-talet. Det kan derfor finnast spor i vatnet som for eksempel ei eldre oppdemming eller andre konstruksjonar. I ferskvann er det svært gode bevaringsforhold. Det vil derfor truleg bli stilt krav om marinarkeologiske undersøkingar i forbindelse med ein meir konkret reguleringsplan i området.»*

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland  
Marinarkeolog  
55 54 96 02  
[marinarkeologi@sjofartsmuseum.no](mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no)

---

**From:** Silje Øvrebø Foyn [mailto:Silje.Ovrebo.Foyn@hfk.no]  
**Sent:** Friday, January 08, 2016 3:44 PM  
**To:** 'marinarkeologi@sjofartsmuseum.no'  
**Subject:** 2014/15246-12 Forslag til kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - høyring og utlegging til offentlig ettersyn

Hei,

Beklagar at denne kjem seint. Vi har frist 19. januar. Fint om eg kan få innspel 18.januar.

Venleg helsing

Silje Øvrebø Foyn  
Rådgevar / Arkeolog  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 93 42  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)